

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

Referat 11. september 2018

Skype

Kl. 14.00-15.00

Til stades: Lisbeth Morlandstø (leiar), Magnus Hoem Iversen, Lin Prøitz, Marika Lüders, Anne Mette Bjørgen og Terje Skjerdal (ref).

Forfall: Balder Holm og Tine Eide.

1. Innkalling

Godkjend utan merknader.

2. Referat frå styremøte 12. juni 2018

Godkjent utan merknader.

3. Orienteringar

- **Innmeldingar:** Seks nye medlemer sidan sist møte.
- RAM drøftar ny modell for støtte; diskuterer eit forslag om å gjera om dei øyremerkte midlane til Medietidsskriftet og medieforskarkonferansen til frie midlar som fleire kan søkja på.

4. Medlemstal

- Terje har hatt kontakt med Aschehoug; dei kan senda ut oppmoding om å melda seg inn på nytt, men vil ha forslag på tekst frå NML. Me skriv eit hyggjeleg brev.
- Den siste oversikta frå i vår viser 94 betalande medlemer og 81 som har fått purring, men ikkje har betalt.
- Lettare å betala medlemskontingenten med Vipps? Magnus undersøker om NML kan få Vipps-konto.
- Lisbeth får tak i påmeldingslistene til konferansen frå Høgskolen i Innlandet, som me sjekkar mot medlemslistene (Terje) – for å oppfordra dei som ikkje er medlemer, til å melda seg inn (igjen).

5. Medieforskarkonferansen

- Planlegginga går bra. Heimesida er oppdatert med frist for innlevering av fullt paper (1. oktober), m.m. Alle keynote-talarane har endeleg stadfest. Grupperom osb er booka. Jens Barland vert konferansier på middagen.
- Økonomi: Relevant faggruppe og FoU-utval ved UiN løyver truleg 50.000 kr (10.000 + 40.000). Dermed ser budsjettet ut til å vera sikra, sjølv om Fritt Ord gav mindre støtte enn håpa. Fritt Ord bidreg med 50.000 kr, Forskingsrådet med 120.000, RAM med 55.000.
- 84 påmelde så langt; nokre fleire er venta.

6. Generalforsamling NML

Vil skje torsdag 18. okt 2018 kl. 17-18, under konferansen.

Innkalling med årsmelding og budsjett må ut i veke 39 (siste veka i september).

Saker: Komité for formidlings- og heiderspris, i tillegg til dei vanlege sakene.

7. Nomineringar til prisar

Har fått inn eit knippe nomineringar til alle dei tre prisane (formidling, heider, master). Ny frist var sett til 1. september. Me ventar likevel til 15. september til me lukkar vindauget for nomineringar til masterprisen, sidan det på nettsida står at oppgåver leverte til og med denne datoen kan nominerast. Lisbeth sender over nominasjonane til dei ulike komiteane.

8. Høyringsfråsegn – ny medieansvarslov

Fristen utsett til 1. oktober. Lisbeth har byrja på utkast. Magnus og Lisbeth ser på det vidare.

9. Eventuelt

NML har fått spørsmål om tips til hovudtalarar og paneldeltakarar. Treng litt meir informasjon om tema og fokus før me gjev innspel. Lisbeth følgjer opp, og tek det vidare på epost.

Neste møte

16. oktober 2018 kl. 14-15: Skype (to dagar før konferansen)

Terje Skjerdal (ref)